



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

10.02.2026

Vår ref:

2024/6226

Dykkar dato:

23.12.2025

Dykkar ref:

201102292

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om ny planendring og forlenga byggjefrist - Tysso kraftverk - Ulvik

Statsforvaltaren føreset at inngrep i ein raudlista naturtypelokalitet blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Det må vurderast avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga, mellom anna for å avgrense spreiding av framande artar. Vi har ikkje merknader til at det blir gitt forlenga byggjefrist.

Vi viser til høyringa av søknad om planendring og forlenga byggjefrist for Tysso kraftverk.

Kva søknaden gjeld

Tysso kraftverk var planlagt med nedgraven røyrgate i nedre del av vassvegen. Sidan den konsesjonsgjevne røyrgatetraséen ligg i skredfarleg terreng, blir det no søkt om å byggje tunnel/ sjakt heile vassvegen. Konsesjonæren planlegg vidare å byggje kraftstasjonen i fjell, i staden for å bruke kraftstasjonen til Ulvik. I slik konsesjonen har lagt til grunn. Dette gjer det nødvendig med ein mellombels anleggsveg med tilhøyrande riggområde og tilkomstveg over Ilflaten, som er bandlagt etter kulturminnelova. Søknaden om forlenga byggjefrist med fem år er grunngeve med ønsket om omtalte planendring.

Vår vurdering

Lang tunnel vil fjerne fleire negative konsekvensar og utfordringar knytt til den konsesjonsgitte utbyggingsplanen. Samtidig vil nye løysingar påverke andre areal, mellom anna med viktige naturverdiar, og tunneldrivinga vil generere meir masse enn opphavleg planlagt. Vi oppfattar den justerte søknaden slik at massane skal mellomlagrast på etablerte deponi for seinare bruk.

Vi legg til grunn at alle naturinngrep blir avgrensa til det som er høgst nødvendig, og at området blir tilbakeført i tråd med moderne prinsipp basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank. Vidare må det setjast vilkår i konsesjonen om relevante avbøtande tiltak som er foreslått i naturmiljørapporten.

Det nye kraftstasjonsavløpet vil gå i ein 400 meter lang utløpstunnel tilbake til elva på same stad som den konsesjonsgitte løysinga. Det bør nyttast fiskefagleg kompetanse ved utforminga av utløpet i elva, for å skape best mogleg forhold for gyting og oppvekst for fisk.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Naturmiljørapporten viser at ein naturtypelokalitet av lågurtalm-lind-hasselskog med stor verdi vil bli *noko forringa*. Ved etablering av påhogget må det fjernast vegetasjon, inkludert store tre, og det vil bli direkte inngrep på inntil 20 prosent av lokaliteten. Andre registrerte naturtypelokalitetar i området, mellom anna ei hol eik, vil ikkje bli påverka av tiltaket.

Det er uheldig at dei nye planane fører til inngrep i ein raudlista naturtype, men vi meiner dette kan akseptertast på grunn av dei positive sidene ved planjusteringa. Det må stillast vilkår om at inngrepa blir avgrensa til det som er heilt nødvendig.

Som omtalt i naturmiljørapporten, er det førekomst av uønskte framande artar med svært høg spreingsrisiko i kraftstasjonsområdet: kjempespringfrø, kjempebjørnekjeks, hagelupin, rynkerose og legepestrot. Det er fare for vidare spreiring gjennom flytting av massar, eller ved at anleggsmaskinar utilsikta tek med seg massar med frø frå eit prosjekt til det neste. Vi minner derfor om krav til aktsemd ved tiltak som kan bidra til å spreie framande artar, i § 18 i forskrift om framande artar.

Det er påpeikt at det må fjernast noko kantvegetasjon for å etablere mellombels anleggsveg, og at denne vil bli revegetert med stadeigen vegetasjon etter anleggsperioden. Vi føreset at dette blir følgt opp i detaljplanen.

Vi minner om at det må søkast til Statsforvaltaren om utsleppsløyve for tunneldrifta.

Vi har ikkje avgjerande merknader til søknaden om forlenga byggjefrist.

Med helsing

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ulvik herad
Vestland fylkeskommune

Skeiesvegen 3
Postboks 7900

5730
5020

ULVIK
BERGEN